



Malar og Noel har lært mykje om tilbodet til norske funksjonshemma det siste året. Seksjonsoverlege Noralv Breivik og seksjonsleiar Astrid Hatløy på Barnehabiliteringa fortel at dei på si side har lært mykje om Sri Lanka.

Seier snart

Fredskorpsdeltakarane Perinpamalar Rayappu (Malar) og Eruthayathan Beardman Noel (Noel) frå Sri Lanka har erfart at kommunikasjon med teikn og bilete er universell. Dei har "snakka utan ord" med pasientar sidan dei kom til Noreg for snart eitt år sidan.

Når klokka viser lunsjtid gumlar tamilske Malar (36) og Noel (25) brødsriver med brunost på lik line med resten av staben på Barnehabiliteringssesksjonen på Ålesund sjukehus. I snart eitt år har dei to medarbeidarane frå den tamilske organisasjonen Karod vore tilknytte seksjonen i Åsebøblokka. Brunostskivene var ein av dei første kulturelle barrierane dei steig over i Noreg, sidan har dei teke aktivt del i kvardagsliv og behandlingssopplegg for funksjonshemma born på ulike praksisplassar i Ålesund-området.

No er Malar, som er nonne i ein tamilsk søsterorden, åt å førebu heimreisa til Sri Lanka. For Noel er det meir usikkert når han kan vende heim att. Det har vore mykje uro i dei tigerkontrollerte områda nordaust i Sri Lanka, og det er ikkje trygt for 25-åringen å returnere slik tilhøva er no.

Dedikerte feltarbeidarar

Bindelekken mellom Ålesund sjukehus og Karod er Joseph Soosai, ein tamilsk lege som i si tid var tilsett ved barnehabiliteringa. Han kom i kontakt med Karod på eit besøk i heimlandet, og etter kvart vart det etablert eit samarbeid mellom den norske sjukehusavdelinga og Karod, som har hovudsete i den vesle byen Kilinochchi nord på Sri Lanka. Seksjonsleiar Astrid Hatløy og seksjonsoverlege Noralv Breivik har hovudansvaret for samarbeidsprogrammet. Dei har bådø besøkt Karod, og fortel at det vert lagt ned eit imponerande arbeid i organisasjonen.

– Karod er godt organisert, og dei mange feltarbeidarane er dedikerte til arbeidet. Men det er klart at det er mykje dei manglar, fortel Breivik. Han og fysioterapeut Reidun Haavik skulle etter planen reist på tilbakevisitt til Sri Lanka sist haust, men turen er lagt på is så lenge tilhøva i dei tigerkontrollerte områda er så urolige.



Alle foto privat

Det er i hovudsak kvinner som driv feltarbeid i Karod. Dei besøker dei råka familiane opp til tre gonger i månaden, og tilbyr praktisk hjelp og rådgjeving. Under opphaldet i Noreg har Malar og Noel mellom anna vore ved Nørvasund skule, avdeling Hatlane og hatt praksis ved Mylna dagsenter i Sula og Sydvesten i Ålesund.

farvel til Åsebøblokka

Store kontrastar

Noel og Malar innleia Noregs-opphaldet med eit tre vekers førebuingkurs i Tromsø. Så bar det ut i felten, der språkproblema har vore færre enn ein kanskje kunne tenkje seg. Kommunikasjon utan ord er viktig i arbeidet med born med ulik fysisk og psykisk funksjonshemming. Teikn og bilete er ein universell måte å kommunisere på, og Noel og Malar har snakka utan ord med mange norske born. Borna har også vore til god hjelp når Malar og Noel skulle lære seg litt norsk.

– Eg vart fortald at nordmenn var reserverte. Men det tykkjer ikkje eg. De er omtensame og svært interesserte i å snakke med meg og lære om Sri Lanka, seier Malar.

Dei to Karod-representantane fortel at krigen og den dårlege økonomien i Sri Lanka vanskeleggjer arbeidet blant dei trengande. Til tider er kontrasten mellom det borgarkrigerja heimlandet og frededelege Noreg skrikande.

– Nokre av familiane vi møter i arbeidet vårt heime på Sri Lanka uroar seg over om dei har mat frå dag til dag. Då er det ikkje så lett å tenkja på framtida, seier Noel.

Tekst og foto: Marie Hauge

Fakta KAROD:

- KAROD står for Kilinochchi* Association for Rehabilitation of the Disabled.
- Det er ein organisasjon av funksjonshemma og deira familiar. Karod har som mål at dei funksjonshemma i størst mogeleg grad skal verte sjølvhjelpne.
- Kvinner i alderen 20 til 35 år arbeider som feltarbeidarar i Karod.
- Karod gjev også små lån til medlemmar som ynskjer å gå i gang med eiga verksemd.

Karod har ein norsk støtteorganisasjon. Les meir på www.karod-norge.no.

* Kilinochchi er eit distrikt i nord-aust Sri Lanka og dessutan byen som vert rekna som hovudstaden i dei "Tiger"-kontrollerte områda på Sri Lanka.

Fakta samarbeidet Ålesund sjukehus og KAROD

- Utvekslingsprogrammet er finansiert av Fredskorpset.
- Programmet skal gje fagleg utvikling for deltakarane i deira daglege arbeid. Kontakten og den mellomfolkelege forståinga utvekslinga fører med seg er også særskild viktig.
- Barnehabiliteringsseksjonen på Ålesund sjukehus organiserer utvekslinga.
- I hovudprogrammet er deltakarane under 35 år.
- Opphalda varer vanlegvis i eitt år.
- Eit seniorprogram tek sikte på utveksling av personar i alderen 55 til 70 år.
- For seniorane varer opphaldet mellom tre og sju månader.

Fredskorpset kan du lesa meir om på www.fredskorpset.no



- Utleie av 5 møblerte leiligheter på Bjorlitunet - 8 til 20 senger
- Internat for selvhushold
- Hotellrom
- Rimelige familierom
- Caravanplasser
- Salg av hytter

Velkommen til hele familien!

Kontakt Bjorliheimen

tlf. 61 24 55 61 / 926 17 973 - fax 61 24 55 54

e-post: jelehre@online.no / post@bjorliheimen.no